

- Treng fleire bøsseberarar

20.03.2007



- I to timar om kvelden tirsdag 27. mars blir årets fasteaksjon i regi av Kirkens Nødhjelp halde og vi treng fleire bøsseberarar, seier Anne Christine Christiansen til uskedalen.no. Dei som vil vera med i dei to timane frå klokka 18 til 20 kan ringa henne, på nummer 53 48 64 06.

I fjor vart resultatet for Uskedalen menighet 7073 kroner og det bør vera eit sjølvstøtt mål å få inn meir dette året til det gode føremålet.

Over heile landet vil det vera 40.000 bøsseberarar frå 1.300 menigheter i aktivitet denne kvelden. Dette er landets nest største, årlege dør-til-dør-aksjon.

I år set Kirkens Nødhjelp fokus på dei som er ramma av humanitære kriser og som verda overser. Det er altfor mange som lever i ei vedvarande humanitær krise utan mogelegheit til å skapa ei trygg framtid for seg og sine.

Nokre søker vern i flyktningeleger fordi heimstaden er for utrygg, Andre bor i område der naturkatastrofar slår til stadig oftare som ei følgje av klimaendringane.

Men felles for dei alle er at dei ikkje må gløymast korkje av oss her i velstandslandet Noreg eller av det internasjonale samfunnet.

Av Ola Matti Mathisen

FØRGLEMMEGEI*